



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Cathrine Tvedt Lorentzen, 5557 2113

Vår dato
14.08.2015
Dykkar dato
13.08.2015

Vår referanse
2015/4672 423.1
Dykkar referanse

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Lindås kommune – gnr 138 bnr 21 – Tveiten – Gebyr

Vi viser til e-post av 13.08.2015. I e-posten vert det vist til at Fylkesmannen har lagt feil gebyrregulativ til grunn for si avgjerd av 24.06.2015. Det vert vist til at kommunen sitt regulativ frå og med 01.01.2013 ikkje har skjønnskriteriar, og at kommunen difor ikkje kan endre gebyret av eige tiltak slik Fylkesmannen har lagt til grunn for si avgjerd. Kommunen ber om ei tilbakemelding på kva tyding Fylkesmannen meiner at dette vil ha for sitt vedtak.

Fylkesmannen si vurdering

Fylkesmannen har ved handsaminga av saken lagt til grunn det gebyrregulativet som er sendt til oss frå kommunen. Vi beklagar at dette er feil.

Fylkesmannen viser til at heimelen for nedsetting av gebyr ved overskriding av fristen går fram av SAK 10 § 7-4 der det går fram at ved overskriding av fristen skal kommunen tilbakebetale tiltakshavar 25 % av det totale byggesaksgebyret for kvar veke saka har vore til handsaming. Vidare føringar følgjer av rundskriv H-13/04. SAK 10 § 7-4 gjeld uavhengig av kva som går fram av kommunen sitt eige gebyrregulativ.

Det er SAK 10 § 7-4 og rundskriv H-13/04 som har vore avgjerande for Fylkesmannen ved handsaming av saka. Vi viser til vårt vedtak av 24.06.2015 der det går fram at:

«Sjølv om dei ulike tidspunkta i saka i utgangspunktet burde kunne fastsetjast utan særlege vurderingar, finn Fylkesmannen at denne konkrete saka føreset ei nærare individuell og konkret vurdering av korleis fristberekninga skal utførast. Beløpet er høgt, og Fylkesmannen kan ikkje sjå at kommunen har dokumentert korleis berekning av fristen og tidsbruk er gjort i den aktuelle saken, slik rundskriv H-13/04 føreset. Rettstryggeleiksyns syn talar difor for at det skal gis klagerett på gebyrvedtaket.»

Vi ber om at Lindås kommune handsamar realiteten av klagen på gebyret. Vi ber vidare om at eventuelle kommentarar knytt til sakskostnadskravet sendast Fylkesmannen innan 20.08.2015.

For ordens skuld viser vi til at kommunen sitt gebyrregulativ for 2014 punkt 4.12 opnar for at det kan søkjast om redusert gebyr, og difor opnar for ei skjønnsmessig nedsetting av gebyret. Fylkesmannen har ikkje mottatt kommunen sitt gebyrregulativ for 2013.

Med helsing

Anne Kjersti Sande, e.f
seksjonsleiar

Cathrine Tvedt Lorentzen
rådgar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:

Advokatfirmaet Steenstrup Stordrange v/adv. Postboks 1150 Sentrum 5811 BERGEN
Lars Selmar Alsaker
Lindås kommune